

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Jarlaug Lauritsen, Kulturavdelinga  
 Sak nr.: 13/6467-44

### Kulturmidlar 2014 - festivalar/spel/ arrangement

#### Framlegg til vedtak:

#### Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gje slik tilråding/gjere slikt vedtak:

- 1 Frå teneste 7900 – kulturmidlar vert det løyvd følgjande tilskot til festivalar/spel/arrangement i 2014:

	<b>Søkjjar</b>	<b>Tilskot</b>
1	Stiftinga Balejazz	180 000
2	Stiftinga Gloppen musikkfest	120 000
3	Stiftinga Utkant	50 000
4	Gloppen musikkforum	20 000
5	NFU S & Fj. Fylkeslag	80 000
6	Mårenbiennalen, v/Ivar Orvedal	20 000
7	Stiftinga Målrock	50 000
	<b>SPEL</b>	
1	Gaularspelet	30 000
2	Kinn sokn	100 000
3	Losnaspelet	20 000
	<b>ARRANGEMENT</b>	
1	Lærdal kommune	50 000
2	MA Nybakks venner	30 000
3	Brått-arrangement, Hornindal	20 000
4	Musea i Sogn og Fjordane / SFKM	50 000
	<b>SUM</b>	<b>820 000</b>

- 2 Vilkår for utbetaling av tilskotet er at tiltaket vert gjennomført i samsvar med godkjende planar og vi har motteke naudsynte vedlegg (rekneskap/rapport).
- 3 Det vert ikkje løyvt midlar til følgjande søknader:

1	Måløy Havfiskefestival AS
2	Elvisfestivalen,
3	Aktiv Kalvåg,
4	Fjord-O-Vest

#### Vedlegg:

1. Søkjjaroversyn

## 2. retningslinene

### Andre dokument som ikkje ligg ved:

#### 1. Innkomne søknadar

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1 Saksframstilling**

Tilskot til allmenne kulturføremål skal gå til kulturlivet i Sogn og Fjordane. Søkjarar er frivillige lag og organisasjonar, institusjonar og einskildpersonar. Søknadsfrist er 15. januar kvart år.

I denne saka vert det rådd til fordeling til festivalar, spel og arrangement. 19 søknadar til ein søknadssum på 1,9 mill kroner vert vert handsama i denne saka. Søknadane er fordelt på 10 søknadar til festivalar, 3 spel og 6 arrangement.

I HK-sak 8/14 vart det løyvd kr 120 000 til 2 arrangement (Markane Idrettslag og Bergen Kystlag.) Det er i tillegg til HK-sak 8/14 sett av kr 0,820 til festivalar/spel og arrangement i 2014.

Festival som kulturpolitisk satsing har fått stor merksemd, og staten har gjennom sin offensive festivalpolitikk motivert til denne typen arrangement. Ved Norsk Kulturråd si fordeling av festivalstøtte for 2013 er det løyvd midlar til følgjande festivalar i Sogn og Fjordane: Balejazz (150 000), Gloppen Musikkfest (250 000), Utkantfestivalen (100 000). Gloppen Musikkfest har fått tilsegn om 3-årig (2013-2015) festivalstøtte frå Norsk Kulturråd.

#### Kriterier

I denne saka vert det handsama søknadar med søknadssum over kr 50 000. Søknadar til andre festivalar og arrangement vert handsama administrativt og lagt fram under orienteringssaker i dette møtet.

Ut frå avgrensa midlar til disposisjon må det gjerast stramme prioriteringar. Fylkesdirektøren har i si handsaming av søknadane lagt vekt på føringar frå kulturstrategien. Tilskot til reine musikkfestivalar og kulturarrangement vert prioritert.

Det vert elles vist til omtale om økonomi og generelle kriterier i sak til fordeling av tilskot til lag og organisasjonar som og vert handsama i dette møtet. Vi legg vekt på at søkjar har ein god og sunn økonomi utanom det fylkeskommunen kan bidra med.

Søkjarane kan ha ulike organisasjonsformer, men fylkesdirektøren prioriterer å løyve fylkeskommunale midlar til å støtte opp om arrangement i regi av det frivillige kulturlivet der eit evt overskot går inn i vidare utvikling av tiltaket. Det vert i liten grad løyvd midlar til arrangement i regi av ein kommune eller fylkeskommunale institusjonar.

Fylkesdirektøren føreset også at dei aktuelle kommunane bidreg med støtte til arrangement i eigen kommune. Dokumentert tilskot frå vertskommunen er eit vilkår for utbetaling av fylkeskommunalt tilskot. I tillegg føreset fylkesdirektøren at fylkeskommunen vert nemnd som støttespelar for arrangementa.

Fylkeskommunal støtte er eit viktig og motiverande bidrag til tiltak som får tilskot frå nasjonale støtteordningar (t.d. Norsk Kulturråd).

### **VURDERING**

Det har dei siste åra dukka opp mange festivalar og mange gode arrangement. Dette medfører større press på tilskotsmidlane, og vi ser oss nøydd til å prioritere svært stramt. Festivalane søker om store summer som er uråd å oppfylle. Midlar frå nasjonale festivalstøtteordninga i Norsk Kulturråd medfører og ei forventning til lokal/regional medverknad. Kommunal/lokal økonomisk medverknad vert vektlagt ved vurderinga av søknadane.

Etter fylkesdirektøren si vurdering er det naturleg å leggje til grunn at tilskot til eksterne aktørar skal vere med og realisere fylkeskommunale mål og prioriteringar slik desse m.a. er uttrykt gjennom fylkesplanen og kulturstrategien. Frivillig innsats, dugnad, nynorsken sin stilling, m.m. er i fylkesplanen framheva som viktige verdiar ved Sogn og Fjordane. Dette er såleis viktige føringar for bruken av fylkeskommunale midlar. Fylkesdirektøren er også av den formening at gode festivalar/kulturarrangement er viktige tiltak i omdømmearbeid for kommunar og fylkeskommunen. Festivalane si evne til eigen utvikling og samfunnsutviklande rolle vert vektlagt.

Sjølv om fleire av tilskota er av ein storleik som tilseier administrativ handsaming, ser fylkesdirektøren det likevel rett å legge desse fram for hovudutvalet då det er knytt stor politisk interesse for desse fordelingane

Fylkesdirektøren viser til vedtak i fylkestinget, FT-sak 53/06, som seier at føresetnadane for å få tilskot til lag og organisasjonar er at følgjekort for funksjonshemma vert akseptert.

Fylkesdirektøren legg til grunn at organisasjonar og arrangørar med fylkeskommunale tilskot til sin aktivitet aksepterer denne ordninga. Villkår for utbetalingane er at tiltaket er gjennomført etter oppsett plan og at vi motteke rapport med rekneskap innan oppsett frist.

## **KORT OM DEN ENKELTE SØKJAR**

### **FESTIVALAR**

#### **1. Balejazz, Balestrand**

Stiftinga Balejazz arrangerer i år Balejazz for 24. gong og har etablert seg om ein spennande og intim festival på nasjonalt og internasjonalt nivå. Omdømme som festivalen har fått, set Balestrand på kartet og er med å bygge opp under ein positiv profil for Balestrand. Festivalen baserer seg i stor grad på frivillige og dugnad. Balejazz er og ein arena for unge jazzentusiastar og driv talentutvikling og kurs for ungdom. Festivalen er støtta av Norsk Kulturråd (kr. 150 000), Vestnorsk Jazzsenter og Balestrand kommune. Inntektene er i hovudsak billettinntekter og sponsorinntekter. Fylkesdirektøren meiner det er viktig å følge opp det arbeidet som er gjort med denne festivalen og tilrår tilskot til Balejazz.

*Søknadssum: kr. 250 000*

*Tilråding: kr. 180 00*

#### **2. Gloppen Musikkfest, Gloppen**

Målet med musikkfesten er å produsere konsertar og arrangement på eit høgt kunstnarleg nivå. Kjenneteikn på festivalen er idealisme, entusiasme og ein intim atmosfære. Musikkfesten har ein sterk faglig profil og har gjennom snart 10 år skapt fin tradisjon og utvikla seg til å verte eit viktig arrangement for kommunen og regionen. Dei samarbeider med lag og organisasjonar både lokalt og regionalt. Det vert satsa på solide namn i ulike sjangrar, men med den klassiske kammermusikken som ein raud tråd. Dei engasjerer seg og i fleire kulturarrangement gjennom året. Gloppen Musikkfest har dei siste åra arbeidd for å utvikle organisasjonen til å bli ein samarbeidspart for det regionale musikk- og kulturlivet, skulane i fylket og næringslivet, og engasjerer seg no også for å få fram og marknadsføre unge talent frå fylket innan den klassiske sjangeren. Gloppen Musikkfest har fått treårig festivalstøtte frå Norsk Kulturråd. Dei har fått løvna på kr 200 000 i 2013, 250 000 i 2014 og 2015. Fylkesdirektøren ser det som viktig med utvikling av festivaltilbod også innan klassisk sjanger i fylket. Det er utarbeidd ein utviklingsavtale mellom fylkeskommunen og Gloppen Musikkfest frå 2014 (jf også Norsk Kulturråd sitt tre-årige tilsegn). Tilskotet vert auka opp med kr 10 000 frå i fjor.

*Søknadssum: kr 150 000*

*Tilråding: kr. 120 000*

#### **3. Stiftinga Utkant**

Utkant er ein musikk, kunst og kulturfestival som held til i Skjerjehamn i ytre Gulen. Utkantfestivalen vart avvikla for fyrste gong i 2007, då som festramme kring avdukinga av monumentet av Kong Olav. Festivalen vart etter det vidareført av ei eiga stifting. UTKANT skal vere ein festival for alle, med breidde i kunst og kultur. Festivalen er med på å gje regionen eit godt omdømme og god marknadsføring. Inntektene er basert på tilskot frå offentlege tilskot, div. sponsorar og eigeninnsats. Norsk Kulturråd har støtta festivalen med kr. 100 000 i 2014. Fylkesdirektøren tilrår tilskot til festivalen. Det vert forventa kommunal løyving.

*Søknadssum: kr. 100 000*

*Tilråding: kr. 50 000*

#### 4. Gloppen Musikkforum, Glopperock, Gloppen

Glopperock vart første gong arrangert i 1980 og er dermed ein av dei eldste rockefestivalane med kontinuerlig drift. Festivalen vert gjennomført over 2 dagar. Glopperock skal gje folk eit kulturtilbod innan rock, pop blues m.m. for folk i alle aldrar. Inntektene er billettinntekter, offentlege tilskot og sponsorar. Glopperock samarbeider med idrettslaga og andre frivillige organisasjonar i Gloppen. Fylkesdirektøren tilrår tilskot til festivalen. Det vert forventa kommunal løyving.

*Søknadssum: kr. 150 000*

*Tilråding: kr. 20 000.*

#### 5. Norsk Forbund for utviklingshemma

Norsk Forbund for utviklingshemma arrangerer kvart år kulturfestival for menneske med utvikling. Festivalen starta opp for 25 år sidan, er unikt i nasjonalt samanheng. I kulturlova vert det peika på at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk. Gjennom denne kulturfestivalen vert det lagt til rette for kulturopplevingar og møte med ulike uttrykk for menneske med spesielle behov. Deltakarane deltek på ulike kurs med instruktørar med høg fagleg kompetanse. For mange er dette det einaste kulturtilbodet dei kan vere aktive deltakarar på i løpet av året. Kulturaktivitetane er verkstader med måling, dans, musikalsk samspel mm. Breakdansegruppa Absence er i år leigt inn for å lære deltakarane breakdans. Festivalen vert avslutta med ein konsert der deltakarane står for innhaldet. Studentar frå Grieg-akademiet bidreg som instruktørar og sosial aktivitet. Det er forventa ca. 100 deltakarar. Fylkeskommunen yter fagleg innsats til planlegging og gjennomføring av festivalen.

Fylkesdirektøren ser på dette som eit viktig arrangement og tilrår fylkeskommunal støtte.

*Søknadssum: kr. 80 000*

*Tilråding: kr. 80 000*

#### 6. Mårenbiennalen

Mårenbiennalen er ein musisk/tverrkunstnarisk møtestad for nyskapande uttrykk og har sitt utspring i Måren i Høyanger kommune. Tema i 2014: "Lokk - song og tone sprunge ut frå ein arbeidssituasjon." Mårenbiennalen har oppretta samarbeid med Sogn og Fjordane Turlag som legg opp sine aktivitetar etter arrangementet i Måren. Dei har i alle år fått støtte frå Norsk Kulturråd og Fritt Ord. Mårenbiennalen er ein særegen festival og det vert skapt kultur og gode møtestadar i distriktet. Fylkesdirektøren rår til at det vert løyvd tilskot til dette arrangementet.

*Søknadssum: kr 60 000*

*Tilråding: kr 20 000*

#### 7. Stiftinga Målrock, Årdal

Målrockfestivalen vert arrangert i Årdal kvart år og er tufta på ideen om å synleggjere og fremje bruk av nynorsk og dialekt i rockemusikk og andre kunstformer. Festivalen vert arrangert for 12. gong i år. Festivalen prioriterer artistar og band som syng/uttrykk seg på dialekt og norsk, samstundes med tydeleg fokus på kvalitet og variasjon. Målgruppa er musikkinteresserte i alle aldrar. Målet er å gje rom for nye kunstformer under festivalen som å kunne bruke naturen i samspel med musikk og dialekt. Inntektene er basert på billettinntekter, sponsor og offentlege tilskot. Fylkesdirektøren tilrår tilskot til festivalen. Det vert forventa kommunal løyving.

*Søknadssum: kr. 50 000*

*Tilråding: kr. 50 000*

#### 8. Måløy Havfiskefestival AS

Måløy Havfiskefestival er eit ideelt AS, der overskotet vil bli brukt til ulike kystkulturformål. Fiskefestival med bl.a. fiskekonkurranse i samarbeid med Nordfjord Havfiskeklubb. Aktivitetar som kystkulturverkstad med ulike aktiviteter for barn. Norges-cup inngår i programmet. Tiltaket er relativt nytt, og ligg etter fylkesdirektøren si vurdering i grenseland for hovudutvalet sitt ansvarsområde, meir over mot næring, reiseliv, friluftsliv. Det er ikkje forventa kommunalt tilskot i finansieringsplanen. Fylkesdirektøren finn ikkje å kunne tilrår tilskot til dette arrangementet.

*Søknadssum: kr 100 000*

*Tilråding: avslag*

#### 9. Elvisfestival

Dette er ein ny musikkfestival der Elvis Presely sin musikk skal vere gjennomgåande og hovudtema. Det vert planlagt ulike arrangement på fleire ulike scener i Måløy der Elvis sin musikk skal syngast og spelast. Det skal vere konsertar med profesjonelle og lokale songarar, popgrupper, songkor og musikkorps. Festivalen er for alle aldersgrupper. Det er planlagt eit opplegg og samarbeid med MOT i Vågsøy. Arrangøren søkjer om 250 000 kr for å ha eit økonomisk "fundament" å planlegge ut frå. Fylkesdirektøren vurderer dette til å vere eit tiltak

med godt inntekspotensiale. Ut frå finansieringsplanen kan vi ikkje sjå at kommunen er forventa å bidra med økonomisk støtte. Fylkesdirektøren finn ikkje rom for å rå til tilskot til dette tiltaket.

*Søknadssum: kr 250 000*

*Tilråding: avslag*

### **10. Aktiv Kalvåg - Kålvåg Kystfestival**

Kalvåg Kystfestival skal arrangerast i Kalvåg av unge frivillige. Gjennom musikkarrangement vil Aktiv Kalvåg ha fokus på bulyst langs kysten og i Kalvåg. Kalvåg Kystfestival skal vere ein møteplass for utflytte, båtfolk m.m. Målgruppa er alle, men musikkarrangement er for vaksne. Kjende artistar skal opptre på festivalen. Fylkesdirektøren føreset at arrangementet vert støtta lokalt og finn ikkje å kunne løyve fylkeskommunale midlar til dette tiltaket.

*Søknadssum: kr 50 000*

*Tilråding: avslag*

## **SPEL**

### **1. GAULARSPELET**

Gaularspelet er eit sogespel bygt på verkelege hendingar i Gaular og Dalsfjordområdet i vikingtida. Har vore framført annankvart år. Spelet er fornya i 2014 og vert gjort meir attraktivt og spennande og det vert formidla kunnskap om vikingtida, t.d. handverks- og husflidstradisjonar, lov og rett. Ny scenografi er utvikla. Fylkesdirektøren rår til at det vert løyvd tilskot til Gaularspelet. Gaularspelet søkjer og om tilskot til Vikingfestivalen som vert arrangert parallelt med framføring av Gaularspelet. Målet med Vikingfestivalen er å spreie mest mogleg kunnskap om vikingtida. Det er forventa kommunal støtte til arrangementet (spel og/eller festival).

*Søknadssum: kr 25 000 til spel*

*kr 10 000 til festival*

*Tilråding:*

*kr 30 000 totalt til spel og festival.*

### **2. Kinnaspelet,**

Kinnaspelet har vore framført på Kinn i Florø kvart år sidan 1985. Spelet vert gjennomført jonsokhelga i samarbeid med Sogn og Fjordane Teater som har det kunstnariske ansvaret. Det vert gjennomført med 2 framsyningar kvar dag og mange frivillige er med for å få dette til. Inntektene vert skaffa til veie gjennom billettinntekter, Flora kommune, div. sponsorar og fylkeskommunen. Dei største utgiftene er knytt til samarbeidet med Sogn og Fjordane Teater og publikumstransport. Kinnaspelet er eit av dei store kulturarrangementa i fylket, og har fått fylkeskommunal støtte i alle år. Det er forventa kommunal støtte til tiltaket.

*Søknadssum: kr. 110 000*

*Tilråding: kr. 100 000*

### **3. Losnaspelet**

Losnaspelet vert arrangert på Losna i Solulnd og er eit samarbeid mellom profesjonelle og amatørar. Det tradisjonelle spelet er i 2014 erstatta med eit dramatisert foredrag om adelsmakt og folkestyre med blick mot 1814 og tohundreårsjubileet for grunnlova. Losnaspelet deltek i musikkspellet «Amerikareisa» som vert vidareutvikla i 2014 og får ein meir ungdomsprofil. Søkjaren ønskjer midlar for å fornye spelet og gje dette eit profesjonelt løft. Fylkesdirektøren ønskjer å støtte opp om tiltaket, men ser ikkje rom for å auke opp tilskotet til spelet.

*Søknadssum: kr 100 000*

*Tilråding: kr 20 000*

## **ARRANGEMENT**

### **Grunnlovssarrangement**

Bortsett frå grunnlovsmarkeringa i Eivindvik 28. juni, er det ikkje sett av eigne midlar til grunnlovsmarkering. I HK-sak 8 /14 vart det løyvd kr 20 000 til Bergen Kystlag si grunnlovsmarkering. Vi har i tillegg motteke desse søknadane som gjeld grunnlovsmarkeringa.

#### **1. Lærdal kommune, grunnlovsmarkering**

Lærdal var ein sentral stad i samband med hendingane i 1814. Lærdal kommune skal ha ulike arrangement i samband med grunnlovssjubileet. Programmet tek utgangspunkt i dei historiske merkedagane og arenaer i 1814. Bl.a. vert det kulturelt arrangement i samband med at Bergen Kystlag skal ro frå Bergen til Lærdal slik eidsvollmennene gjorde i 1814, grunnlovsseminar, opning av historiske bruer på Kongevegen over Filefjell m.m. Lærdal kommune sitt bidrag til markeringa er kr 200 000 og det er søkt om statleg tilskot på kr 500 000.

*Søknadssum: kr 500 000*

*Tilråding: kr 50 000*

## 2. Nybakks Venner

Den verneverdige havfiskebåten M/S Nybakk skal i juni 2014 – i tilknytning til grunnlovsjubileet – vitje ei rekke tingstadar på Shetland, Orknøyane, Scotland mm. Samarbeidspartar er Gulatinget, Norsk Kvernsteinsen og Selje kloster. Det vert planlagt arrangement på dei ulike tingstadane. M/S Nybakk skal og delta på Forbundet Kysten sitt stemne i Oslo og vere aktivt med på opninga av kystpilgrimsleia. M/S Nybakk skal ha felles utstilling for samarbeidspartane på desse turane. Fylkesdirektøren rår til at det vert sett av midlar til Nybakks Venner og arrangement i tilknytning til grunnlovsjubileet. Fylkesdirektøren gjer merksam på at det også er aktuelt å støtte M/S Nybakk sitt engasjement i høve tingstadane med ein mindre sum gjennom den løyvinga som er sett av til grunnlovsmarkeringa på tusenårsstaden Gulatinget.

*Søknadssum: kr 167 000*

*Tilråding: kr 30 000*

## Andre arrangement/tiltak

### 3. BRÅTT – arrangement i Hornindal

«Brått» vart stifta i Hornindal i fjor på initiativ for å få til ei sterkare kultursatsing i kommunen. Arrangementet starta i 2013 med besøk i alle barnehagar og skuleklassar. Besøk på omsorgssenter og profesjonelle musikarar kringom i bygda for å gjere «Heime-hos» konsertar. Dette er eit nytt tiltak som dei vil vidareutvikle, og gjere det til ein årleg festival. Tiltaket kan ha overføringsverdi til andre stader/kommunar i fylket. Dei vil nytte profesjonelle utøvarar frå området/fylket, og bl.a. samarbeide med Gloppen Musikkfest og Opera Nordfjord. I samband med jubileum for Anders Svor er planen å få til ein skuleproduksjon kring hans virke. Fylkesdirektøren tilrår tilskot til dette arrangementet. Det er forventa kommunal støtte til arrangementet.

*Søknadssum: kr 90 000*

*Tilråding: kr 20 000*

### 4. Musea i Sogn og Fjordane / Sogn og Fjordane kunstmuseum

MISF/Sogn og Fjordane kunstmuseum søker om ekstraordnært tilskot til gjennomføring av jubileumsmarkering for Anders Svor i 2014. Jubileet vert arrangert av Sogn og Fjordane Kunstmuseum i samarbeid med Hornindal kommune. Norsk Kulturråd har løvd kr 30 000 til arrangementet og det er forventa tilskot frå kommunen. Jubileet er basert på 4 hovudelement: nye utstillingar, boklansering, ny skulptur i skulpturparken og ei eiga jubileumsmarkering i juni. Fylkesdirektøren rår til at det vert løyvd tilskot til sjølv jubileumsarrangementet.

*Søknadssum: kr 180 000*

*Tilråding: 50 000*

### 5. Fjord-O Vest 2014 og NM Ultralang

Fjord-O Vest har vore arrangert sida 1976 (tidlegare Nordvestgaloppen). Vert arrangert annakvart år og går over fem dagar. Fjord-O vest 2014 er eit samarbeid mellom fire o-grupper og løpa skal gå føre seg i Førde, Askvoll og Fjærland. Målet er å samle 1000 løparar med nasjonal og internasjonal deltaking. NM Ultralang er ein del av arrangementet i august med auka deltaking. Inntekter er i hovudsak startkontingent, sponsing m.m. Dette er eit stort dugnadsarrangement med relativt avgrensa kostnader og rimeleg greitt inntektsnivå. Det er planlagt eit lite overskot. Fylkesdirektøren har tidlegare rådd til tilskot til nasjonale arrangement i fylket. Dette er eit arrangement i skjæringspunktet mellom regionalt (Fjord-O vest) og nasjonalt (NM Ultralang). Etter ei samla vurdering finn fylkesdirektøren ikkje å kunne tilrå tilskot til dette idrettsarrangement. Særvidrettane sine aktivitetar vert i hovudsak støtta gjennom tilskotet til Sogn og Fjordane Idrettskrins.

*Søknadssum: kr 100 000*

*Tilråding: avslag*

## KONKLUSJON/TILRÅDING

Fylkesdirektøren viser til omtale over, og rår hovudutval for kultur til å gjere vedtak i tråd med tilrådingane